

Adressering - Namnesak

Kartverket har etter § 5 i Lov om stadnamn oppretta namnesak på 12 namna knytt til adressering i Hemsedal og ber kommunen legge namna ut på høyring.

Kartverket har bedt Hemsedal kommune avvente adressering med desse namna då Kartverket må gjera endeleg vedtak om skrivemåte fyrst.

Eigar og festar får direkte melding. Dersom andre har innvendingar/ opplysningar om skrivemåte ber vi om attendemelding innan 1. august til

Hemsedal kommune og merk med Namnesak. Bruk gjerne denne e-postadressen:

postmottak@hemsedal.kommune.no

eller ta kontakt med Marit Huso 31 40 88 20.

Kartverket sender med dette saka til lokal høyring i kommunen, jf. § 5 i lov om stadnamn. Hemsedal kommune reiser namnesak for desse namna:

- *Holleskardet/Holdeskardet* (gardsbruk 74/2)
- *Hollebakken/Holdebakken* (støl)
- *Ålrustmorki/Ålrustmørken* (ikkje reg. i Sentralt stadnamnregister (SSR))
- *Kalveslette/Kalvesletten* (ikkje reg. i SSR)
- *Garnaodden/Garnodden/Garnødden* (nes)
- *Langodden/Langødden* (nes)
- *Kjelhovda/Kjelhøvda* (haug)
- *Rjupehovda/Rupehøvda* (ikkje reg. i SSR)
- *Snikkarbroten/Snikkarbråten/Snikkerbråten* (gardsbruk, 67/8, kortforma *Broten* osv. er òg med i saka)
- *Joleimstølane/Jordheimstølane* (støl)
- *Sørevollen/Sørevøllen* (støl)
- *Hyndestronde/Hyndestrondi/Hyndestrønde* (ukjend namnetype)

Kartverket nyttar samstundes høvet til å reisa desse namnesakene (sjå vedlagd namneliste):

- *Holle* (gardsnr. 72) og alle avleiingar av namnet
- *Ålrust* (gardsnr. 52) med alle avleiingar
- *Hovda/Høvda* (ås)
- *Joleim/Jordheim* (gardsnr. 64 og 65) med alle avleiingar
- *Fekjene/Fetjørnan/Fetjo* (støl)
- *Fekjatn* (traktorveg)
- *Hustad/Husstad* (gardsnr. 79) med alle avleiingar
- *Møllerplassen/Møllerplass/Mølnarplassen* (bygg for jordbruk, fiske, fangst)
- *Ranastonge/Ranastongi* (fjell)
- *Skoddetinden/Skøddetinden* (fjell)
- *Markegard/Markegård* (gardsnr. 54) med alle avleiingar
- *Linlykkedalen* (dal)
- *Høgeleina/Høgeleine/Høgeleini* (søkk)
- *Vesterenga/Vesterenge/Vesterengi* (bygg for jordbruk, fiske, fangst)
- *Hulbakkleiva/Hulbakkleive/Hulbakkleivi* (fjellkant)
- namn som endar på *-lia/-lie/-lii*
- namn som endar på *-myra/-myre/-myri*

- namn som endar på *-stranda/-strondi/-strønde*
- namn som endar på *-sletta/-slette/-sletti/-sletten/slettan(e)/slettene*
- namn som endar på *-høgda/-høgde/-høgdi*
- namn som endar på *-ur(d)a/-ur(d)e/-ur(d)i*
- namn som endar på *-rusta/-ruste/-rusti*
- namn med fleirtalsendinga *-ane eller -an*

Det er Kartverket som har vedtaksrett for skrivemåten av gards- og bruksnamn og naturnamn. Kommunen har vedtaksmynde for adressenamn og namn på kommunale anlegg. Før det vert gjort vedtak, har kommunen rett til å uttala seg.

Eigarar og festarar har rett til å uttala seg om saker som gjeld bruksnamnet deira, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har serleg tilknytning til.

Vedtaka for gardsnamna vert òg retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, og bruksnamn der gardsnamnet går inn som ein del av namnet, jf. § 8 i lov om stadnamn.

Sjå vedlagte namneliste.